



Siv Kristin Kyrkjeide i dei nesten tomme lokala like før stenginga i ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Klokka 15.30 i ettermiddag stengte kiosken til Auto 88 og 7 står dermed utan arbeid.

Det gjeld også Siv Kristin Kyrkjeide, som er medeigar og som var den siste på skansen før døra vart stengt.

Verkstad-drifta held fram - med 4 tilsette.



Den triste budskapet var ikkje til å misforstå. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alle berørte er enige om at dette er ein trist dag både for verksemda og for dei mange kundane, men eigarane såg ingen annan utveg med dei økonomiske resultatata som låg på bordet. Årsresultatet for Auto 88 var ein minus på 225.000 i fjor og 105.000 i 2008.



Dei kjøpte billig snop like før stenginga: Eirin Kjærland Rørheim (15) og Karoline Isdal Amundsen (14)

Det har i dei siste vekene vore opphørssal og ved stenginga var kioskløkala nærmast tomme. Kva det ledige arealet skal nyttast til er førebels ikkje klart, men ein ser ikkje bort ifrå at Auto 88 kjem til å nytta dei sjølv, opplyser Lars Myklebust til uskedalen.no

Verkstaden vil altså driva vidare og det samme gjeld drivstoffpumpene og vaskehallen gjennom automatisering.

Frå 18. oktober har SPAR overteke som pakkekommisjonær i Uskedalen. Heretter må ein altså henta medisiner på butikken.

Av Ola Matti Mathisen